

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Hellebrekkene, Tysvær kommune

Fylkesmannen sendte 16. mars 2018 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Hellebrekkene, Tysvær kommune.

Det kom i alt to merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Stadnamntenesta på Vestlandet har vurdert namneforslaget til naturreservatet. Dei tilrår namneforma og har ingen merknader til skrivemåten Hellebrekkene.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Statens vegvesen har vurdert om verneområdet tek omsyn til Nasjonal transportplan, riksvegar og fylkesvegar. ingen merknader til vernesaka.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.